



# MØTEBOK

## Styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as

Tidspunkt: Fredag 24.03.17 klokka 1300

Stad: Lampeland Hotell

**Møtedeltakarar:** Vebjørn Håvardrud (ØNF), Torleif Fresvik (Røldal FS), Steinar Langesæter (Ullensv. FS), Knut Sygnestveit (Ulvik FS), Lars Kristian Eidnes (Eidfjord FS), Marit Jortveit (Rauland FS), Eivind Tokheim (Odda FS), Torgils Eide (HG), Sveinung Olsnes ( sekretær) og Georg Gjøstein (dagleg leiar)

**Forfall:** Ingen

**Andre tilstades på møtet:** Knut Heiberg, Oluf Fønnebø, Harald N. Andersen, Steinar Lund, Ragnar Ystanes, Jan Borgnes, Andreas Aass

### Saker til styremøtet

Sak 02/17: Referat og meldingar

Sak 03/17: Rekneskapan for 2016

Sak 04/17: Årsmelding for 2016

Sak 05/17: Budsjett for 2017

Sak 06/17: Orientering om økonomi

Sak 07/17: Endring i HMS regelverket for FH as

Sak 08/17: Datalagring, løysing for framtida

Sak 09/17: Felles sanksjonar ved lovbrøt

Sak 10/17: Nytt frå NFS

Sak 11/17: Tariff 2017

Sak 12/17: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet.

Vebjørn Håvardrud/s/

Knut Sygnestveit/s/

Steinar Langesæter/s/

Eivind Tokheim/s/

Marit Jortveit/s/

Lars Kristian Eidnes/s/

Torgils Eide/s/

Torleif Fresvik/s/

Georg Gjøstein/s/

## Sak 02/17: Referat og meldingar

### **Saksdokument:**

2016.11.29.1.2.Lovutvalet-Informasjon virksamhet i statsallmenningene\_jaktfiske oppsyn (002)  
2017.01.16.1.Villreinutvalet-MotorferdselMeldingRetti  
2017.02.02.1.FM T-Tillatelse til utsetting av fjellrev i 2017 - Hardangervidda nasjonalpark  
2017.02.02.2.13. Brev om skrantesjuka og involvering av fjelloppsynet  
2017.02.20.1.Villreinutvalet-Høringsdok bestandsplan 2017 - 2021  
2017.02.20.1.Villreinutvalet-Invitasjon Vår møte 2017  
2017.02.20.1.Villreinutvalet-Kvoteforslag 2017 høring vald  
2017.02.20.1.Villreinutvalet-Varsel rettighetshavere jan 2017  
2017.02.28.1.Villreinutvalet- kopi Søknad Miljødir disp hjortevilt §§ 30 og 31 2017 2021

### **Saksutgreiing:**

#### **Framlegg til vedtak:**

#### **Referat:**

Sekretær går gjennom innkomne meldingar.  
Ingen merknader frå styret.

#### **Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande.

## Sak 03/17: Rekneskapen for 2016

### **Saksdokument:**

Framlegg til rekneskap med spesifikasjonar for 2016.

### **Saksutgreiing:**

Styret skal vedta rekneskapet for revisor kan byrje arbeidet sitt.

Rekneskapet framkjem med driftsinntekter på kr 3 639 654,- eks.mva og driftskostnader på kr 3 663 141,- eks. mva. Netto finansresultat er kr 8 161,- Dette gjeve eit årsunderskot på kr 15 326,-

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret vedtek føreliggande rekneskap for 2016

#### **Referat:**

Gjennomgang av årsrekneskapen for 2016 ved dagleg leiar.

#### **Vedtak:**

Styret vedtek føreliggande rekneskap for 2016

## Sak 04/17: Årsmelding for 2016

### **Saksdokument:**

Framlegg til årsmelding for 2017

### **Saksutgreiing:**

Styret skal vedta årsmeldinga før revisor kan byrje arbeidet sitt. Årsmelding inneheld opplysningar i tråd med offentlege retningslinjer.

### **Framlegg til vedtak:**

Styret vedtek føreliggande årsmelding for 2016

### **Referat:**

Gjennomgang av årsmeldinga ved dagleg leiar.

### **Vedtak:**

Styret vedtek føreliggande årsmelding for 2016

## Sak 05/17: Budsjet for 2017

### **Saksdokument:**

Framlegg til budsjett for 2017

### **Saksutgreiing:**

#### **Tjenestekjøp hjå fjellstyra**

I avdeling for politisk arbeid er budsjettet er auka med 5% i høve til forrige år. Kostandene blir fordelt etter areal hjå fjellstyra som tidlegare.

I avdeling for drift av fjelloppsynet er budsjettet auka med 5%. Der Fjellstyrer har særskilde budsjettvedtak, eller det er avtala ein større auke, er dette teke inn.

Timeprisen er også auka med 5% og vil vera kr 280,- for kontorarbeid og kr 385,- for feltarbeid for refusjonsberettiga arbeid. For ikkje refusjonsberettiga arbeid er timeprisane det doble.

Adminitrasjonstimar m.m frå drifta av selskapet er tidlegare fordelt etter gjennomsnittleg forbruk dei tre føregåande åra. Dette vil bli fordelt etter forbruk same driftsår.

### **Generelt**

I høve til føregåande år er arbeidsgjevaravgifta lågare grunna flytting av hovudkontoret til sone 2. Tjenestekjøpe hjå Sno er auka tilsvarande timeprisauken. Det er elles mindre endringar i budsjettet.

### **Framlegg til vedtak**

Framlegg til vedlagte budsjett for 2017 blir vedteke.

### **Referat:**

Gjennomgang av budsjettet ved dagleg leiar.

**Vedtak:**

Framlagde budsjett for 2017 vert vedteke.

**Sak 06/17: Orientering om økonomi****Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

I fyrste del av 2017 aktiviteten godt i tråd med planen. Det har ikkje kome til uforutsette kostnader. Det blir ei orientering ei generell orientering om drifta.

**Framlegg til vedtak:**

Orienteringa blir teke til vitande.

**Referat:**

Orientering om økonomien og drifta så langt i 2017 ved dagleg leiar. Presentasjon av ny medarbeidar ved dagleg leiar/Steinar Lund.

**Vedtak:**

Orienteringa vert teken til vitande

**Sak 07/17: Endring i HMS regelverket for FH as****Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Gjeldande HMS reglement beskriv ei rollefordeling mellom styre/ fjelloppsynsutval og dagleg leiar der styret/fjelloppsynsutvalet vedtek regelverket medan dagleg leiar har ansvar for iverksetjing og oppfølging. Stundom er det trong for justeringar av regelverket og dette bør etter sakshandsamar sitt syn dagleg leiar ha fullmakt til å utføre. Det er viktig å ha eit godt og oppdatert regelverk som ivaretek arbeidatarane på beste vis. Dette vil gje mogleg til iverkesetje endringar rask om naudsynt.

Det vert derfor føreslege eit tillegg i regelverket son gjev dagleg leiar fullmakt til å gjera endringar og korrigeringar.

Gjeldande regelverk framkjem nedanfor i kursiv.

***ANSVAR OG MYNDIGHEIT******3.1 Styret / Fjelloppsynsutvalet:***

*Styret /Fjelloppsynsutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd regelverk for internkontroll, helse, miljø og sikkerheit. Styret/Fjelloppsynsutvalet skal vedta regelverket.*

### 3.2 Dagleg leiar:

- *Dagleg leiar skal sørge for eit kontinuerleg og målretta arbeid med opplæring for å ivareta det totale arbeidet med helse, miljø og sikkerheit.*
- *Dagleg leiar har det overordna ansvaret for at internkontrollarbeidet vert gjennomført.*
- *Dagleg leiar har ansvaret for at den enkelte kjenner systemet, og at føresetnadane for å kunna fylgja systemet fysisk og materiellmessig er tilstades.*
- *Dagleg leiar skal halda seg regelmessig ajour med dei tilsette si helse, og deira fysiske og sosiale arbeidsmiljø.*

### **Framlegg til vedtak:**

Dagleg leiar har fullmakt til å gjera endingar i HMS regelverket til Fjellstyra på Hardagervidda. Styret skal orienterast om endringar som blir gjort i regelverket.

### **Referat:**

Orientering og gjennomgang av saka ved dagleg leiar.  
Ingen innspel frå styret.

### **Vedtak:**

Dagleg leiar har fullmakt til å gjera endingar i HMS regelverket til Fjellstyra på Hardagervidda. Styret skal orienterast om endringar som blir gjort i regelverket.

## Sak 08/17: Datalagring, løysing for framtida

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Fjellstyresambandet har framforhandla ei løysing med lagring av data for fjellstyra (Daldata as). I denne avtala ligg det datalagring med oppdatering av filer, oppdatera programvare (officepakke) og support.

Tilgangen til dette er brukarstyrt. Dvs at kvar enkelt sekretær må betale ein lisens. Pr i dag kostar denne 640 kr pr mnd.

Slik sakshandsamar ser det er det på tide å gå over til elektronisk lagring. Spørsmålet er kva for løysing ein skal velje. Denne løysinga bør innehalde avtale om langtidslagring og oppdatering av data som eit minium. Slik sett stettar løysinga frå Daldata dette kravet.

Arkivlova set grenser for kva for løysing ein må ha. Etter § 2 er ikkje fjellstyra definert som offentlig organ i arkivlova. § 19 i same lovverk har fylgjande ordlyd: «*Dersom privat rettssubjekt mottek faste offentlege driftstilskot som er viktige for verksemda eller har fullmakt*

*til å treffa einskildvedtak eller utferda forskrifter, kan Riksarkivaren fastsetja at arkivet heilt eller delvis skal følgja føresegnene for offentlege arkiv gjevne i eller i medhald av denne lova»*

Riksarkivaren har ikkje kome med slike pålegg til fjellstyra og ein kan derfor konkludere med at fjellstyra ikkje treng å forhalde seg til reglane om offentlig arkivering (NFS si vurdering).

Fjellstyra må likevel ha ei tilfredsstillande arkivløyising der dokument kan sporast tilbake. Ved å gå for ei digital løyising med bruk av fjellstyras arkivnøkkel i mappestruktur er dette oppfylt.

Dersom ein skal få full effekt av eit digitalt arkivsystem er det ynskjeleg at alle fjellstyra rundt vidda på sikt er knytt opp mot det same systemet. Dei tilsette bør uansett vere knytta opp i eit slikt system for effektivt å kunne samarbeide i dagleg arbeid.

Nokon tilsette vil kunne ha oppgåver for fleire Fjellstyre og lisensen må derfor delast. For å løyse dette vil det vere føremålsteneleg at FH as hadde hånd om alle lisensar for alle tilsette og at kostnadane vert fordelte til fjellstyra etter bruk.

Rauland, Ullensvang og Røldal FS har hatt dette opp som saker på møte tidlegare. Alle fjellstyra er positive til at det vert jobba vidare med dette.

#### **Framlegg til vedtak:**

Administrasjonen får fullmakt til å jobbe vidare med felles datalagring for alle fjellstyra som ynskjer dette. Styret har som mål at alle tilsette får tilgang til ekstern datalagring og at alle fjellstyra går over på ein felles plattform.

#### **Referat:**

Orientering frå sekretær og dagleg leiar.  
Styret har ingen spesielle merknader.

#### **Vedtak:**

Administrasjonen får fullmakt til å jobbe vidare med felles datalagring for alle fjellstyra som ynskjer dette. Styret har som mål at alle tilsette får tilgang til ekstern datalagring og at alle fjellstyra går over på ein felles plattform.

Sak 09/17: Felles sanksjonar ved lovbrøt

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Fjellova § 25, tredje ledd gjev fjellstyret rett til å nekte å skrive ut jaktkort til personar som dei tre siste åra er straffedømte eller som har vedteke førelegg for brot «mot nokor førsegn om jakt».

Det betyr at alle reglar som vert vedteke av fjellstyret i medhald av §23, tredje ledd vil ligge til grunn for moglege sanksjonar i tillegg til andre føresegner om jakt, jfr § 25, tredje ledd.

Det ligg og i dette regelverket at ein jeger kan utestengast frå den datoen ein rettskraftig dom ligg føre eller frå den datoen jegeren har vedteke førelegg. Utestenginga kan vere opp til 3 år. Fjellstyret må i si handsaming av desse sakene vurdere kor alvorleg brotet har vore og kor lenge ein jeger skal utestengast frå jakt på Statsallmenning. Det vil vere avgjerande for folks oppfatning av lik handsaming at desse sakene vert handsama likt frå fjellstyre til fjellstyre. For å sikre dette vil felles retningslinjer for handsaming av desse sakene vere avgjerande. Sakshandsamar føreslår fylgjande retningslinjer for sanksjonar ved overtreding av føresegner om jakt på Statsallmenning på Hardangervidda:

#### **Utestenging i 3 år:**

Alle brot på § 19 om inhuman jakt, herunder også uforsvarleg omgang med våpen og skyting mot manglande bakgrunn.

Brot på viltlova § 24, bruk av fangstredskap som ikkje er lovlege.

Brot på viltlova § 25, bruk av gift

Jakting utanom jakttid og på andre freda artar, herunder i fredningssoner fastsett av fjellstyret  
Felling av rein utan gyldig fellingsløyve i det heile (dvs manglar fellingsløyve totalt for heile vidda)

Andre tilhøve der jeger vert idømt fengselsstraff for brot på jaktføresegner.

#### **Utestenging i 2 år:**

Alle brot på viltlova § 21, bruk av motorkjøretøy under jakt

Brot på viltlova § 22, jakt på symjande dyr.

Felling av rein utan fellingsløyve på det dyret som er felt og/eller jaktar på Statsallmenning utan løyve med kort frå andre vald.

Jaktar utan gyldig skyteprøve

Jaktar utan jegeravgift

#### **Utestenging i 1 år:**

Brot på viltlova § 23, drevjakt med hund

Mindre brot på ulike føresegner om jakt

#### **Framlegg til vedtak:**

##### **Referat:**

Orientering ved sekretær.

Kort ordskifte i saka.

Det vert ytra ynskje om at saka vert sendt på høyring i fjellstyra rundt vidda.

##### **Vedtak:**

Saka vert sendt på høyring til alle fjellstyra som er medlem i FH. Fjellstyra får frist til å kome med innspel til FH innan 20 mai. Saka takast opp til ny handsaming på møte i FH i juni med sikte på at ein då vedtek felles retningsliner for sanksjonar.

Sak 10/17: Nytt frå NFS

##### **Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

NFS informerar om seiste nytt.

**Framlegg til vedtak:****Referat:**

Orientering frå NFS ved Jan Borgnes og Andreas Aass.

Presentasjonane som vart vist på møtet kan sendast ut dersom ynskjeleg.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande.

**Sak 11/17: Tariff 2017****Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

NFS ynskjer å diskutere tariff 2017 med dei tillitsvalde. Tilsette fråtrer denne saka.

**Framlegg til vedtak:****Referat:**

Det er ikkje utarbeidd referat.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande.

**Sak 12/17: Eventuelt****Saksdokument:****Saksutgreiing:****Framlegg til vedtak:****Referat:**

Det har ikkje kome inn saker under eventuelt.

**Vedtak:**